



EVENTYRLEG: Sparebanken Sogn og Fjordane tjuvopna litt av gjevepakkane sine til lokale formål i Eventyrskogen i går. Frå venstre: Banksjef PM Ole Aukland, Kirsten Ertresvaag representant for Eventyrskogen, Sigmund Frøyen frå Sørstrand Folkepark, Per Øyvind Sørbø i Eikefjord Idrettslag og banksjef BM Tom Staveteig. Foto: Dag Nesbø Frøyen

Banken tjuvopna gåvene

FLORØ: Ein ny grillhytte på Sørstrand Folkepark, Ein klubbuss til Eikefjord IL og ei hinderløype i Eventyrskogen på Florø barneskole kjem i stand som resultat av gåvene frå Sparebanken Sogn og Fjordane.

DAG NESBØ FRØYEN
dag@firraposten.no

Det var to stolte banksjefar som hadde teke med seg tre av representantane for gjevemottakarane fredag. For i motsetning til større

forretningsbankar har Sparebankane som strategi å dele delar av overskotet tilbake i lokalmiljøet dei er forankra i.

– For meg som kjem frå ein stor forretningsbank med fokus på resultat for aksjonærar er det utruleg givande å no få støtte slike gode lokale formål, påpeika den nye banksjefen Ole Aukland. Sparebanken Sogn og Fjordane kjem med lista over innfridde gavesøknader fredag, men i går fekk eit knippe av dei ei gledeleg overrasking.

– No blir det buss

Per Øyvind Sørbø i Eikefjord IL søkte banken om midlar til å kunne

GÅVEMIDLAR

■ Sparebanken Sogn og Fjordane legg igjen tre millionar i gåver kvart år i regionen Florø til Selje. 70 prosent går til Flora kommune. I går fekk Eikefjord IL, Sørstrand Folkepark og Eventyrskogen ved Florø barneskole tildelt gåver.

ne få på plass ein klubbuss til å kunne frakte dei yngre spelarane i klubben til og frå kampar. – Ein klubbuss har mange positive faktorar ved seg. For det første er det eit viktig sosialt tiltak der eit samla lag vil kunne dra saman på kampar. Det vil også lette

belastninga til foreldre som i dag køyrer til og frå. Nokre vil kanskje sakne å vere med, men det er no stort sett plass til ein og to foreldre i ein buss for 17, seier Sørbø. At bussen skal vere oransje meiner han seier seg sjølv. EIL fekk 100.000 til å løfte prosjektet.

Grillhytte

Folkeparken på Sørstrand er i ferd med å bli den perla florøfolk har venta på. Bruer over til langholmen er i full gang. Byggetrinn to er ei grillhytte eller ei varmetove for turfolk og badegjester. – Denne vil gjere området meir tilgjengeleg året igjennom. Vi ser

føre oss at vi kan ha ope i helgene slik at gjester vil kunne få seg ein kopp kaffi eller ein vaffel under eit besøk på Sørstrand, seier Sigmund Frøyen. Folkeparken fekk tildelt 150.000 kroner frå Sparebanken øymerkt til grillhytta.

Eventyrleg

Eventyrskogen er prosjektet knytt til området mot Storevatnet soraust for Florø barneskole. Det er eit rekreasjonsområde i sentrum som blir flittig nytta av elevane i skuletida, men også tilgjengeleg for publikum etter skuletid. Gåva på 75.000 kroner frå sparebanken skal gå til ei hinderløype i Eventyrskogen.



Kan din familie bli fosterheim?

Nesten alle barn får trøyst når dei græt.

Men berre nesten.

Det finst barn som blir oversette eller overlata til seg sjølve i staden for å bli stimulerte og leika med. Og det finst foreldre som ikkje maktar å gi nødvendig omsorg.

Desse barna kan trenge ein fosterheim, og behovet for nye fosterforeldre er stort.

Fosterbarn er som andre barn – forskjellige. Derfor trengst det òg ulike fosterheimar. Å vere fosterforeldre er ein einestående sjanse til å tilby trygge rammer der barn og unge kan utvikle seg. – Vite meir? Ta kontakt.



FOSTERHEIMSTENESTA SOGN OG FJORDANE
TLF. 466 19 000 (tast 4)
www.fosterheim.no/sfj